



Vestland fylkeskommune

Vår ref:

Sak: 19/935 JpID: 19/2387 Sbh: KDA

Dykkar ref.

Dato:

11.11.2019

Etablering av regionalt pilegrimssenter - Orientering om status frå Stad kommune

Vi viser til sak 1/19 i hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke, og til punktet om løyving av midlar til etablering av regionalt pilegrimssenter i 2020.

Vi vil med dette orientere om at kommunedirektøren har foreslått å setje av ressursar for pilegrimssatsinga tilsvarende ei 80 % stilling i sitt budsjettforslag for det komande året. Dette tilsvarar kr 550 000 i lønnsutgifter knytt til kommunalområdet kultur og samfunn i Stad kommune.

Selje kommunestyre har i møte 9. oktober 2019, sak 071/19, også løyvd kr 250 000 for gjennomføring av eit forprosjekt knytt til etablering av Selja pilegrimstun. Selja pilegrimstun vil vere ein møte- og overnattingsstad for pilegrimar på reise, tilsvarende dei andre pilegrimstuna/pilegrimsgardane langs pilegrimsleiane i Noreg. I prosjektet skal det også arbeidast vidare med eit eige kunnskapssenter for kristning, kloster og pilegrim i selje. Forprosjektet må koplast mot det regionale og nasjonale pilegrimsarbeidet.

Eg ber på vegne av kommunedirektøren i Stad kommune om at dette brevet vert lagt på sak 1/19 til ovannemnde hovudutval i dag, slik at saksopplysninga kjem fram under sakshandsaminga i møtet tysdag 12. november 2019.

Ta kontakt dersom de har spørsmål til saka.

Med venleg helsing

Kristine Dahl
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 19/2387 dersom du tek kontakt med oss.

Kopi til:

Fylkesrådmann Rune Haugsdal
Åslaug Krogsæter